

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3678-10

### **Statnett - bygging av ny 420 KV kraftleidning mellom Sogndal og Aurland og del av Sogndal og Hove i Vik kommune**

#### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar tiltaket. Eit velfungerande kraftsystem er avgjerande viktig for nærings- og samfunnsutviklinga i fylket.
2. For delområdet rundt Sogndalsfjorden støttar fylkeskommunen det omsøkte alternativet (1a).
3. Det må leggjast stor vekt på justering av trase og avbøtande tiltak for alle delområda.
4. Før tiltak etter planen kan setjast i verk, skal det gjennomførast arkeologiske registreringar jamfør tiltakshavars undersøkingsplikt etter § 9 i lov om kulturminne

#### **Vedlegg:**

Konsesjonssøknad

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Link til heimesida til NVE og vedlegg i saka, inkludert visualisering av tiltaket:  
<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=4417&type=A-1>

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Statnett planlegg å bygge ny 420 kV leidning mellom Sogndal og Aurland og 420 kV leidning mellom Sogndal og Ramnaberg i Vik kommune. Leidninga går i hovudsak parallelt med eksisterande leidning, som vil verte sanert etter bygging. Gamle Fardal trafostasjon og leidningar knytt til denne vil også verte sanerte.

Området ved kryssinga av Sogndalsfjorden er særskilt konfliktfylt i høve buområde, landskap og friluftsliv. Omsøkt trasé har stor nærføring til bustader, og fører til behov for innløyising og sanering av eitt hus. Utover det er konsekvensane for landskap, natur og friluftsliv i hovudsak moderate og mogleg å redusere gjennom avbøtande tiltak inkludert justering av trase.

Lønsemda av tiltaket er avhengig av framtidig kraftpris og mengde ny kraftproduksjon nord for Sognefjorden.

## 2. Bakgrunn for saka

### Føremål med omsøkt tiltak

NVE har lagt søknad om konsesjon for ny 420 kV leidning Sogndal - Aurland og Sogndal – Ramnaberg ut til offentlig ettersyn. Statnett planlegg å bygge ny 420 kV leidning mellom Sogndal og Aurland og 420 kV leidning mellom Sogndal transformatorstasjon og Ramnaberg i Vik. Dei nye leidningane skal erstatte eksisterande 300 kV leidningar.

Kostnaden for tiltaket er anslått til 900 – 1050 MNOK. Dersom naudsynte løyve ligg føre i 2020 er det planlagt anleggsstart våren 2021. Leidningane vil då vere ferdig bygt i løpet av 2023. Dei gamle leidningane vil deretter verte rivne i løpet to år.


Overordna mål i prosjektet:

- Auke spenninga i nettet frå 300 kV til 420 kV for å auke kapasiteten, som ledd i Statnett sin langsiktige plan
- Leggje til rette for planlagt utbygging av ny fornybar kraftproduksjon
- Redusere flaskehals mellom Aurland og Sogndal
- Frigjere stasjonsområdet i Fardal ved å fjerne eksisterande leidningar.

Etter at 420 kV-leidning mellom Ørskog og Sogndal blei sett i drift hausten 2016, er det berre forbindinga Aurland - Sogndal som står att før Noreg har samanhengande nett på 420 kV.

Statnett sine analysar viser at det er lønsamt å auke kapasiteten mellom Sogndal og Aurland. Lønsemda av tiltaket er avhengig av framtidig kraftpris og mengde ny kraftproduksjon nord for Sognefjorden. Planlagt kraftproduksjon nord for Sognefjorden og dei nye forbindingane til Storbritannia og Tyskland vil auke flaskehalsen på dagens forbinding. Ein flaskehals vil gje større prisskilnader nord og sør for fjorden og auka mengd timar med nullpris og vasstap i våte år.

### Hovudtrekk ved tiltaket



Figur 3: Omsøkte leidningar med blå strek. Leidningar som skal rivest uthevet med gult.


For strekninga frå Sogndal trafostasjon og over Sogndalsfjorden er det valt å søkje eit alternativ som går frå trafostasjonen, fram på Øyrefjellet og i spenn derfrå og over til Vinesstølen på Fimreitehalvøya, alternativ 1a. Det er utgreidd to andre alternativ i området som ikkje er omsøkte, sjå lenger nede i saka.

Ut frå Sogndal transformatorstasjon og til Lingesetfjellet, der leidningane skal lag, skal det byggast to parallelle leidningar. Dei nye leidningane vil i hovudsak bli bygt ved sidan av dagens leidningar, som etter det vert rivne. Mellom Sogndal og Aurland skal det byggast 49,3 km leidning og mellom Sogndal og Ramnaberg 18,4 km. Parallellføringa mellom ny og gamal leidning vert på om lag 20 – 30 meter, men kan variere avhengig av terreng. Over Frønningen vert avstanden på 110 meter.

For å kunne frigjere Fardal trafostasjon må begge leidningane flyttast. Leidningane som i dag går gjennom trafostasjonsområdet i Fardal vil bli fjerna. Frå Sogndal transformatorstasjon til litt sør om Vinesnipa på Fimreitehalvøya vil leidningane bli bygt i ny trase.

For leidninga som går sørover frå Vinesnipa og til innføring i Aurland vil traseen gå parallelt med eksisterande leidning, men ny omsøkt trase vil frå fjellet nord for Vassbygdi og ned til kraftverket/transformatorstasjonen gå i ein meir vestleg trase.

For leidninga som går vestover til Ramnaberg i Vik kommune er det omsøkt ein trase som vil avvike noko frå eksisterande. Endringa er gjort for å redusere konflikt med eit stølsområde her.



### Alternativa ved Øyregrendi og Stedjeåsen.

Omsøkt trase går mellom to hus på oppsida av kommunal veg gjennom Øyregrenda, desse ligg ca. 55 meter frå ytterste leidning. På nedsida av vegen ligg det også eit hus nær traseen, og som ligg 75 meter aust for ytterste leidning. Leidninga vil henge ca. 200 meter høgare enn bustadane. Eitt hus nede ved riksvegen ligg direkte under leidningstraseen og er tenkt innløyst.

Det omsøkte tiltaket passerer høgt over Øyregrenda. Traséen over Øyrefjellet er i konsekvensutgreiinga gitt ein ubetydelig konsekvensgrad for landskap. For jordbruk er konsekvensane vurdert til ubetydelege for alternativ 1a. For skogbruk er dei sett til liten negativ konsekvens for alle alternativ.

Sanering av eksisterande leidningar, stasjonsanlegget i Fardal og leidningar vidare mot Sogndal transformatorstasjon vil telje positivt for landskapsopplevinga nord og sør for Sogndalsfjorden.

Støynivået i utkanten av byggeforbudsbeltet er på maksimalt 44,1 dB (A). Begge desse verdiane er under Statnett sin sjølvpålagde grenseverdi. Berekningane er utført basert på regnvær som gir meir støy enn tørt, pent vær.

For elektriske og magnetiske felt har Statens strålevern sett ei utgreiingsgrense på 0,4 mikrotlesla ( $\mu\text{T}$ ). Ifølgje utgreiingane til Statnett vert ingen bustader utsett for eit slikt nivå. På heimesidene til Direktoratet for strålevern og atomsikkerheit står at det ikkje er dokumentert negative helseeffektar for høgspontanlegg så lenge verdiane er lågare enn grenseverdien på 200  $\mu\text{T}$ . Når det gjeld elektriske felt ligg verdiane under grensa for publikumseksposering på 5 kV/m.

Det er gjennomført vurdering av sannsynlighet og risiko for isnedfall ved Øyregrenda og Vines. Risikonivået er lavt og ligg under nivå som Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap angir som akseptabelt for spredt bebyggelse.

Lokalt i Øyregrendi er det stor motstand mot den omsøkte traseen, og dei ønskjer alternativet som går via Stedjeåsen. Slik vi har forstått det går motstanden på frykt for stråling og iskast, landskapsverknader/utsikt og restriksjonar på bruk av eigedomane. Dei uttrykkjer at bukvaliteten vil verte betydeleg redusert dersom linja vert bygt her.

Det vurderte alternativet over Stedjeåsen kjem ikkje i direkte konflikt med busetnad. Alternativet over Stedjeåsen er i konsekvensutgreiinga gitt en liten til middels negativ konsekvensgrad for landskapsmessige verknader. I høve friluftsliv og rekreasjon er alternativet over Stedjeåsen vurdert til å ha middels til stor negativ konsekvens lokalt for friluftsliv og middels negativ konsekvens regionalt og nasjonalt for friluftsliv.

### Gamle Fardal trafostasjon

Statnett har bestemt seg for å bruke tomte i Fardal som framtidig oppmøtestad og lager, verkstad og kontor for Statnett sin driftsorganisasjon i området. Sommaren og hausten 2019 vil Statnett

gjere tiltak for å kunne utnytte tomte til lager og andre funksjonar. Dei vil då bygge to midlertidige master bak stasjonen med strekk direkte til fjordspennmastene for å kunne fjerne gjenverande høgspenntanlegg i transformatorstasjonen. Eksisterande leidningar frå nye Sogndal trafostasjon, via stasjonen til Fardal og over til Vinesåsen vil etter gjeldande plan verte riven i 2024 / 25.

### **Ikkje omsøkte alternativ frå Sogndal transformatorstasjon og over Sogndalsfjorden**

Det vart utgreidd tre alternative traséar for kryssing av Sogndalsfjorden. Statnett har omsøkt alternativ 1a, og som går frå ny transformatorstasjon, fram på Øyrefjellet og i spenn derifrå til Vinesstølen på sørsida av Sogndalsfjorden. Det er også utgreidd to andre, ikkje omsøkte alternativ:

#### Alternativ 1b

I same trase som det valte alternativet, men med eit sett til med master lenger nede i dalsida i Øyregrenda før kryssing av fjorden. Statnett har teke utgangspunkt i både kulturmiljø, naturmangfald, landskap og rasfare når dei ikkje har gått vidare med dette alternativet.

#### Alternativ 2

Dette alternativet går frå trafostasjonen bort til Stedjeåsen, over fjorden til Brandholten og tilbake vestover til Vinesnipa. Alternativet er 3,5 km lenger for begge linjene enn omsøkt alternativ. Statnett legg vekt på at alternativet er lenger enn omsøkt alternativ, at dei må rive ei nybyggd leidning og omsynet til friluftslivet, når dei ikkje har gått vidare med dette alternativet.

### **Kulturminne (heile strekningen)**

#### Automatisk freda kulturminne

Det er potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne i form av førhistoriske fangstanlegg, steinalderlokalitetar, utmarkskulturminne og kulturminne knytt til skogsdrift i samband med ny linjeframføring. Det er difor grunnlag for å stille krav til gjennomføring av ei arkeologisk registrering. Registreringa skal oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jf. kulturminnelova § 9 og avklare om automatisk freda kulturminne vert råka av planlagde tiltak.

Etter kulturminnelova § 10 skal tiltakshavar ved større offentlege og private tiltak sjølv dekke kostnadene til gjennomføring av registreringa. Fylkeskommunen har tidligare sendt ut kostnadsoverslag i samband med linjeframføringa. Kostnadsoverslaget må reviderast for å ta høgde for nye nasjonale satsar for gjennomføring av arkeologisk registreringar.



#### Metode og framdrift

Tiltaksområde vil i all hovudsak verte undersøka ved visuell overflateregistrering supplert ved graving av prøvestikk. Det kan verte aktuelt å nytte gravemaskin på stader som inneber inngrep i dyrka mark og eventuelt myr. Registreringa må gjennomførast på bar og telefri grunn.

Ingen tiltak i samband med linjeframføringa kan setjast i verk før fylkeskommunen fyrst har registrert tiltaksområde. Vi vil be Statnett ta kontakt for å avklare detaljane kring gjennomføringa av den arkeologiske registreringa.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Det ligg eit omfattande grunnlagsmateriale til grunn for søknaden. Det er gjennomført KU for friluftsliv og ferdsl, kulturmiljø, landskap, naturmiljø og næring og samfunn. I tillegg er det utarbeidd visualiseringar der det ligg føre alternative trasear og/eller tiltaket vil kunne få størst landskapsmessige konsekvensar, sjå bilete under. Dei ulike visualiseringane ligg på heimesida til NVE; <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=4417&type=A-1>. Raud hake er fotostandpunkt.



### Delområde 1 Nord- og sørsida av Sogndalsfjorden

Konsekvensutgreiingane tek utgangspunkt i eksisterande situasjon (0-alternativet).

Konsekvensutgreiinga deler inn traseen i soner, og konsekvensen som ein kjem fram til vil vere ein sum av både negative og positive konsekvensar innanfor sonen. Det gjer at der ny leidning skal gå parallelt med eksisterande leidning, og under føresetnad om at denne skal sanerast, vert konsekvensane for alle fagområde innanfor ei sone stort sett vurdert til ubetydeleg, liten negativ, eller middels til liten negativ.

Det omsøkte alternativet over Øyrefjellet får i konsekvensutgreiinga ubetydeleg konsekvens. Men ein skal vere klar over at sanering av eksisterande linje ned til Fardal er med i vurderinga. Opplevd konsekvens sett frå Øyragerendi si side truleg er høgare.

I høve lokalt friluftsliv har alternativet over Stedjeåsen middels til stor negativ konsekvens. Statnett har sett på ulike plasseringar for spennbukkane. Utgangspunktet har vore å setje dei på toppen av Stedjeåsen. Men dei har vurdert ei alternativ plassering lenger ned i fjellsida mot vest. Det viser seg at alternativ plassering ikkje er vesentleg betre. Ved plassering på toppen vil leidningane gå over utsiktspunktet og slik at ein berre får sjølvne leidningane i synet, ikkje spennbukkane. Ved plassering lenger nede i lisa vil ein sjå spennbukkane.

Fylkesrådmannen ser at omsøkt alternativ har negative verknader for dei som bur i Øyragerendi og for dei som eig huset som må sanerast. Det er ikkje gjort vurdering av kva alternativet vil ha å seie for bukvalitet. Det er ikkje så godt å danne seg eit bilete av det ut frå sakstilfanget. Men vi veit frå oppslag i lokalpressa at dei som har eigedomar i området er negative til alternativet.

Lokalt har Stedjeåsen stor betydning, først og fremst for trimturar og kveldsturar. Fylkesrådmannen meiner likevel at Stedjeåsen sin funksjon som lokalt friluftsområde i stor grad vil bli oppretthalde sjølv om ein skulle legge leidningen hit. Ein skal heller ikkje gløyme at området rundt Alpen og Øyrafjellet har friluftsverdi som vil verte negativt råka av omsøkt alternativ.

### Delområde Sogndal - Hove (Lingesetfjellet - Ramnaberg)

Ny linje frå Lingesetfjellet og framover Fimreitehalvøya til spennbukkane til spennet over til Ramnaberg i Vik kommune vil avvike noko frå eksisterande trase. På dette strekket er det snakk om ei leidning, slik at traseen er smalare enn rundt Sogndalsfjorden. Både eksisterande og ny linje går gjennom område med store verdiar for naturmangfald. Her er det og snakk om å byggje permanent veg austover mellom Vetlareset og Dueskard.

Omsøkt trase går gjennom/over verneområde for skog. Fylkesmannen i Vestland har forvaltningsansvar for desse, og vi forstår det slik at det har vore dialog med dei i prosessen. For dette strekket vil løysingane ligge i justering av trase i dialog med Fylkesmannen og med grunneigarar. Skogområdet har stor naturverdi, og plassering av mastepunkt, utforming av og fargeval på materiale og traseval og utforming av veg har stor betydning for opplevingsverdien. Difor vil vi oppmode Statnett til å leggje stor vekt på avbøtande tiltak i dette området.

#### Delområde 4 Vindeggi til Aurland Transformatorstasjon



Frå fjellet Kamben, rett nord for Vassbygdevatnet, går linja i dag ned gjennom ein liten dal og elles på ein slik måte i terrenget at det gir liten fjernverknad. Her har Statnett konkludert med at ledningen må leggjast om mot vest. Det er ikkje mogleg å bygge inntil den gamle ledningen på denne strekningen fordi delar av traseen berre har plass til éi mast. Det er ingen andre moglegheiter for masteplassing i dette området. Her er det og aktsomheitsområde for steinsprang og snøskred, som indikerer høg risiko for personell både ved bygging og drift.

Bygging her vil krevje at eksisterande ledning vert riven før ny kan byggast, noko som vil krevje lang utkoplingstid. For å unngå dette vert det planlagt ei omlegging mot vest over Terakamben.

Den nye traseen og dei nye mastene vil bli betydeleg meir synleg i landskapet enn det som er dagens situasjon. Traseen vil gå nedover Terakamben og slik verte synleg frå vest og nedover i Aurlandsdalen. Fylkesrådmannen har ikkje avgjerande merknader til traseval, men vil igjen be om at det vert lagt stor vekt på innplassering av mastepunkt og andre konfliktreducerande justeringar og tiltak.

## **4. Konklusjon**

### Generelt

Statnett legg til grunn for tiltaket at det er viktig for å auke kapasiteten i nettet, tilrettelegge for ny fornybar kraftproduksjon og redusere flaskehals mellom Aurland og Sogndal. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette er regionalt og nasjonalt viktige omsyn. Eit velfungerande kraftsystem er avgjerande viktig for nærings- og samfunnsutvikling i Sogn og Fjordane generelt og ny berekraftig energi spesielt. I tillegg vil tiltaket vere lokalt viktig for å frigjøre stasjonsområdet i Fardal ved å fjerne eksisterande leidningar.

### Delområde 1 nord- og sørsida av Sogndalsfjorden

Fylkesrådmannen vel å leggje vekt på dei ønskja Statnett har, og støttar opp om det omsøkte alternativet. Konsekvensutgreiingane viser ikkje at konsekvensane for Øyragerendi er urimeleg store, og Statnett meiner dette er det beste alternativet. Opplevd forringing av bukvalitet for dei som bur der kan likevel vere stor, då dei vil kunne oppleve ei usikkerheit knytt til stråling og isfall, sjølv om Statnett seier det ikkje er grunn til det. Det er difor avgjerande viktig for vår haldning at det i vidare dialog og prosjektering vert lag stor vekt på tilpassing, materialval og andre gode løysingar.

### Alle delområda

Det må for heile strekket leggjast stor vekt på avbøtande tiltak, jf. kapittel 7. Rådmannen legg til grunn slike tiltak for si haldning til søknaden. I kapittel 7 er optimal innplassering av mastepunkt ikkje nemnd som avbøtande tiltak. Vi føreset at det også er eit tiltak som kan nyttast for å få ledningen til å gå godt i terrenget og ta omsyn til interessene langs traseen.

Fylkesrådmannen meiner det er potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne i form av førhistoriske fangstanlegg, steinalderlokalitetar, utmarkskulturminne og kulturminne knytt til skogsdrift i samband med ny linjeframføring.

Vi finn derfor grunnlag for å stille krav til gjennomføring av arkeologisk registrering. Registreringa skal oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jf. kulturminnelova § 9 og avklare om automatisk freda kulturminne vert råka av planlagde tiltak.